



**FINANSTILSYNET**

THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

# Berekning av krav til ansvarleg kapital basert på faste kostnader

**RUNDSKRIV:**

10/2014

**DATO:**

09.10.2014

**RUNDSKRIVET GJELD FOR:**

Verdipapirforetak

Forvaltningsselskap for verdipapirfond

Forvaltarar av alternative investeringsfond

(AIF)

**FINANSTILSYNET**

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

## Innleiing

Rundskrivet gjeld for verdipapirføretak som bereknar krav til ansvarleg kapital i samsvar med kapitalkravsforskrifta § 41-2, forvaltningsselskap for verdipapirfond som bereknar krav til ansvarleg kapital i samsvar med verdipapirfondforskrifta § 2-2 femte ledd og forvaltarar av alternative investeringsfond (AIF-forvaltarar) som bereknar krav til ansvarleg kapital i samsvar med lov om alternative investeringsfond § 2-7 første ledd bokstav b.

Dette rundskrivet erstattar rundskriv 16/2002.

Finanstilsynet legg til grunn at føretaka omtala over gjer revisorane sine kjende med dette rundskrivet.

## Berekening av faste kostnader

Finanstilsynet legg til grunn at følgjande berekningsmåte skal nyttast ved berekening av faste kostnader:

- a. Legg saman inntektene til føretaket.
- b. Legg til negativt resultat før skatt.
- c. Legg til 35 prosent av honorara til agentar si verksemd på vegner av føretaket, jf. verdipapirhandellova (vphl.) § 2-4 (3), uavhengig av om honorara er reknekapførde i føretaket.
- d. Frå summen av a., b. og c. kan følgjande postar bli trekte frå:
  - i. positivt resultat før skatt
  - ii. fullt ut variable vederlag til tilsette, leining, m.fl.
  - iii. andre disponeringar av føretaket sitt overskot før skatt, føresett at desse er fullt ut variable
  - iv. rekneskapsført kurtasje eller annan variabel godtgjering utbetalt til ordreførande eller ordreformidlande institusjonar, føresett at kostnadene avhenger av formidling av ordre
  - v. variable avgifter til børsar, autoriserte marknadsplassar, verdipapirregister og oppgjersentralar
  - vi. renteutgifter i samband med oppbevaring av klientmiddel
  - vii. eingongskostnader i samband med ekstraordinær verksemd etter godkjenning frå Finanstilsynet
- e. Faste kostnader som har oppstått på vegner av føretaket på annan måte enn gjennom agentar, jf. vphl. § 2-4 (3), skal leggjast til summen av berekninga i punkt a. til d.
- f. Dersom årsrekneskapen til føretaket for året før er basert på verksemd i færre enn 12 månader, skal resultatet av berekninga i punkt a. til e. delast på talet månader med verksemd og gangast med tolv.

Dersom det skjer ei vesentleg endring i eit føretak si verksemd samanlikna med året før, kan Finanstilsynet justere kravet til ansvarleg kapital basert på faste kostnader. Ei vesentleg endring vil bli vurdert å ha inntruff:

1. For føretak med eit kapitalkrav basert på faste kostnader året før på eit beløp i norske kroner som svarer til 125 000 euro eller meir: Når dei budsjetterte faste kostnadene for inneverande år avvik med 20 prosent eller meir frå dei faktiske faste kostnadene året før, eller når dei budsjetterte faste kostnadene for inneverande år avvik med eit beløp i norske kroner som svarer til 2 000 000 euro eller meir frå dei faktiske faste kostnadene året før.
2. For føretak med eit kapitalkrav basert på faste kostnader året før på eit beløp i norske kroner som svarer til under 125 000 euro: Når dei budsjetterte faste kostnadene for inneverande år avvik med 100 prosent eller meir frå dei faktiske faste kostnadene året før.

Dersom det inntreffer ei slik vesentleg endring, og dette tilseier ein auke av kapitalkravet, skal føretaket utan ugrunna opphald varsle Finanstilsynet. Dersom ei slik vesentleg endring tilseier ein reduksjon i kapitalkravet, og føretaket ønskjer ein slik reduksjon, må føretaket søkje Finanstilsynet om tillating til å ta i bruk det nye kapitalkravet. Ved slik varsling eller søknad må føretaket dokumentere at kriteria for justering av kapitalkravet er til stades.

Finanstilsynet vurderer i utgangspunktet at budsjett godkjend av styret for inneverande år inkludert referat frå styremøtet som budsjettet blei godkjend i, og revisorstadfesting av føretaket si bereking av faste kostnader året før utgjer tilstrekkeleg dokumentasjon i denne samanhengen. På bakgrunn av denne dokumentasjonen og andre relevante forhold vil Finanstilsynet avgjere om føretaket sitt krav til ansvarleg kapital basert på faste kostnader skal justerast.

Anne Merethe Bellamy  
direktør for marknadstilsyn

Geir Holen  
seksjonssjef

**Kontaktpersonar:**

Rådgivar Anders Overgård Hauglund, tlf. 22 93 99 87, e-post: [anh@finansstilsynet.no](mailto:anh@finansstilsynet.no)  
Seniorrådgivar Jaan-Herluf Steenberg, tlf. 22 93 98 77, e-post: [jhs@finansstilsynet.no](mailto:jhs@finansstilsynet.no)

